

# Styresak

---

Går til: Styremedlemer  
Selskap: Helse Bergen HF  
Styremøte: 07.12.2007  
Styresak nr.: 80/07 B  
Dato skrive: 20.11.2007 Saksbehandlar: Geir Pedersen

**Saka gjeld: SANDVIKEN – Nytt bygg for Avdeling for stemningslidningar**

---

## Innleiing

I arealplan for Helse Bergen (vedteke 25/8 –03, styresak 57/03) er det forutsett at behandlingstilbodet innan vaksenpsykiatri blir samla på Sandvikenområdet. Unntaket er Avdeling for psykosomatisk medisin, som blir verande på Haukeland. Pasientgrupper som i dag blir behandla på Haukeland (Avdeling for psykose og Avdeling for stemningslidningar), skal i framtida bli behandla ved Sandviken. Samlokalisering og vidareutvikling av Sandviken vil gje ei meir optimal drift. For å kunne imøtekomma denne omlegginga er det behov for ombygging og utviding av bygningsmassen ved sjukehuset.

Investeringa er på meir enn 50 mill. kroner og iht. gjeldande prosedyrar skal forprosjektet, etter at det er godkjent i styret for Helse Bergen, godkjennast av Helse Vest.

## Bakgrunn

Avdelingane som i dag er lokaliserte på Haukeland, har særskilte kummerlege forhold og blir drivne med midlertidig godkjenning frå Sosial- og helsedirektoratet (brev dagsett 23.11.04). Når behandlingstilbodet til desse pasientgruppene blir overflytta til Sandviken, blir areal frigjeve på Haukeland. Dette er naudsynt for å kunne starte realiseringa av psykiatridelen ved HUS/BUSP.

Utviklinga av Sandvikenområdet er planlagt gjennomført i tre byggetrinn:

Byggetrinn 1 og 2 nede på Sandviken og byggetrinn 3 ved Dr. Martens.

Gjennomføringa av den samla utbygginga på Sandvikenområdet, erstattar delar av tidlegare planar om samlokalisering av nytt Barne- og ungdomspsykiatrisk sjukehus og delar av nytt vaksenpsykiatrisk sjukehus i Steinsviken, Fana bydel i Bergen. Etter den samla utbygginga på Sandviken vil helseføretaket kunne tilby vaksne psykiatriske pasientar behandling i sjukehuslokale som tilfredsstillar forskriftsmessige krav til materiell standard som gjeld for institusjonar innan tvungen psykiisk helsevern.

Overføring av ein vesentleg del av vaksenpsykiatrien frå Psykiatrisk klinikk på Haukeland til Sandviken, er ein av grunnføresetnadene for realisering av nytt senter for barn-, unge og psykosomatisk medisin (BUSP) på området nord for Sentralblokka.

Konseptrapporten for BUSP blei tilrådd vedteken av styret i Helse Bergen 07.06.07 (sak 45/07 B). BUSP-planane tek utgangspunkt i at noverande bygning for vaksenpsykiatrien på Haukeland kan rivast første halvår 2009 for å gje plass for første byggesteg, som m.a. skal innehalde nye lokala for barne- og ungdomspsykiatri og dei delane av vaksenpsykiatrien som har størst nytte av fysisk nærleik til dei somatiske fagmiljøa på Haukeland. Dette gjeld einingar for "spiseforstyrrelser" og alderspsykiatri.

I byggeperioden fram til første kvartal 2012 vil barnepsykiatrisk verksemd kunne bli verande i sitt bygg, medan dei attverande vaksenpsykiatriske funksjonane på Haukeland, kan tilvisast erstatningslokale i Medisin B-bygningen og/eller Sentralblokka. Begge desse bygningane får frigjort areal når Parkbygget står ferdig i 2008 og Laboratoriebygget i 2009.

For at det ikkje skal oppstå forseinkingar eller ekstra kostnader til interimsløysingar i samband med BUSP-utbygginga, er det viktig at dei vaksenpsykiatriske funksjonane som skal overførast til Sandviken, har tenlege lokale å flytta inn i frå årsskiftet 2008/2009.

## **Gjennomføring**

Nytt bygg for stemningslidingar er byggetrinn 2 i utbyggingsplanane for Sandviken sjukehus. Det vil bli oppført på delar av dagens parkeringstomt og skal huse den siste posten for stemningslidingar ved Haukeland.

Byggetrinn 3 vil bli eit tilbygg ved Dr. Martens for unge schizofrene pasientar.

## **Byggekostnadar og driftsøkonomiske konsekvensar**

### Byggeprosjektet nytt bygg for stemningslidingar

Prosjektet omfattar bygging av eit nytt bygg på ca. 2254 m<sup>2</sup> (brutto)

Det nye bygget er planlagt med eit moderne formspråk med fasadar i glas, tegl og pussa betong. Tilkomst til bygget blir frå parkeringsplassen og via ein overbygd gangveg frå hovudinngangen til bygg K.

Byggeprosessen vil bli gjennomført som ein totalentreprise. Fordelen er ein raskare gjennomføring av prosjekteringa.

Kostnadsramma er lågare enn tidlegare stipulerte 85-95 mill kr (styresak 53/07). Dette er grunna i eit endra romprogram og dermed eit lågare arealtal. Totale byggekostnadar er no stipulerte til kr. 76,6 mill kr. Av denne summen er 57,5 mill kr sett av på investeringsbudsjettet for 2007 og tidlegare år. Restfinansieringa i 2008-09 er 19,1 mill kr.

Det er medrekna ein forventa prisstigning på 6 prosent og ein margin på 10 prosent til dekning av uventa kostnader.

Finansieringskostnader (byggjelånrente) er tatt med.

Det er medrekna 100 prosent lånefinansiering av tiltaket. Dersom lånedelen vert lågare, noko som er truleg, vil kostnadane til renter verte lågare.

Basert på ovannemnde estimat, vil realisering av prosjektet gje auka årlege utgifter for helseføretaket som vist i tabellen under.

Føresetnader:

- kalkulasjonsrente 5 prosent, annuitet over 25 år.
- avskrivning av investert kapital med 60 år for bygg og 30 år for tekniske anlegg

	År 1	År 5	År 10
Renter	3.830'	3.490'	2.940'
Avskrivning	1.900'	1.900'	1.900'
Teknisk drift	0	0	0
Sum	5.730'	5.390'	4.840'

Alle summar i 2007 kroner.

Det er ikkje medrekna auke i teknisk drift då tilsvarande areal vert fråflytta og rivne.

#### Driftsøkonomiske konsekvensar

Talet på sengeplassar ved dei to sengepostane er 16.

Det vil ikkje bli auke i talet på tilsette som følgje av ombygginga og driftskostnadane blir uendra.

Bygget vil stå ferdig ved første halvdel av 2009 under føresetnad av kommunal sakshandsaming

#### **Forslag til vedtak**

Styret i Helse Bergen HF tilrår at Helse Vest godkjenner prosjektet "Nytt bygg for stemningslidningar" og at dette blir realisert i samsvar med planane slik det går fram av utarbeidd forprosjekt .

Vedlegg